

Sogndal kommune
6856 Sogndal

Sogndal, 7. april 2009

SAK: Nabovarsel på gnr. 1 bnr. 10 i Sogndal kommune

Eg viser til nabovarsel frå Johannes Idsø av 27.03.2009 som er sendt til meg som eigar/festar av gnr. 1 bnr. 10 i Sogndal kommune. Varselet gjeld eit tiltak som han har planlagt på min eigedom.

På vegne av Aud Jorun Ølnes har advokat Louis Anda kravd jordskifte for å få endra eigedomstilhøva og få frådelt ei større tomt. Inntil dette er endeleg avgjort, vil eg oppmode Sogndal kommune om å vente med handsaming av denne byggjesaka.

Dersom kommunen likevel ønskjer å ta opp saka, må det leggjast stor vekt på at dette vil bli eit svært skjemmande tilbygg og ei fasadeendring som bryt kraftig med byggjestilen på eigedomen. Søknaden må handsamast etter §74, §93a og §93b og ikkje som melding etter §86a i Plan- og bygningslova.

Med helsing

Dagmar Ølnes Lotsberg

Vedlegg: Kopi av brev frå advokat Louis Anda